

## **Studiestyret ved Det humanistiske fakultet**

**Møte: 17.4.2024**

---

### **SAK 18/24: Studiekvalitetsmelding for Det humanistiske fakultet 2023**

---

Studiekvalitetsmeldinga for 2023 er utarbeidd på bakgrunn av einingane sine egne studiekvalitetsmeldingar og dialogmøte med einingane i april 2024.

Fakultetet si studiekvalitetsmelding skal opp til endeleg vedtak Fakultetsstyret 7. mai.

#### **Dokument i saka:**

- Studiekvalitetsmeldingar for 2023 – bestilling frå Studieadministrativ avdeling
- Studiekvalitetsmelding for Det humanistiske fakultet 2023

#### **Forslag til vedtak:**

Studiestyret tilrår vedtak av studiekvalitetsmeldinga for 2023.

Svein Ivar Angell  
visedekan for utdanning

Inger Marie Hatløy  
fungerande studiesjef



Fakultetene

Referanse

2023/17827-IDF

Dato

19.12.2023

## Studiekvalitetsmeldinger for 2023 - bestilling

Dette brevet er den årlige bestillingen til studiekvalitetsmeldingene fra fakultetene. I brevet går vi gjennom punktene som meldingen skal inneholde. Som bakgrunn for bestillingen viser vi til kapittel 3 i UiBs kvalitetssystem for utdanning, som omtaler den årlige prosessen fram til en samlet studiekvalitetsmelding for utdanningene ved UiB.

**Frist for fakultetenes studiekvalitetsmeldinger er 26. april 2024.** Det legges opp til dialogmøter mellom ledelsen og fakultetene i første halvdel av mai 2024.

### Tema som skal inkluderes i fakultetenes studiekvalitetsmeldinger

Systembeskrivelsens kapittel 3.1. inneholder en oversikt over hvilke tema fakultetenes studiekvalitetsmeldinger skal inneholde omtale av. I årets bestilling har vi slått sammen enkelte av punktene, og har flyttet planer for oppretting/nedlegging av studieprogram ut av bestillingen og behandler i stedet disse i en egen prosess. Lenker til aktuelle rapporter som kan brukes i denne delen av studiekvalitetsmeldingen, står omtalt i kap. 3.1. Fakultetene kan gjerne bruke andre relevante kilder.

Følgende punkt skal inngå i fakultetenes meldinger for 2023:

- Oppfølging av foregående års studiekvalitetsmelding
- Hovedkonklusjoner fra fakultetenes dialogmøter med instituttene
- Gjennomførte og planlagte emne- og programevalueringer
- Fakultetenes strategiske planer for den faglige porteføljen
- Endringer og prioriteringer innen utdanning og læringsmiljø

### Andre tema

Som oppfølging av dialogmøtene i 2023 og i tråd med Utdanningsutvalgets diskusjoner gjennom 2023, inviterer vi at fakultetene til å omtale følgende tema i sine meldinger i den grad de er relevante for fakultetet. Disse temaene vil også bli berørt under dialogmøtene:

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Hvordan jobber fakultetene:

- for tettere kobling mellom forskning og utdanning, spesielt på bachelornivå?
- med å styrke utdanningskvaliteten, studentaktiv læring, alternative vurderingsformer og økt gjennomføring?
- for bedre kontakt mellom studenter og arbeidslivet, samt større bevissthet hos studenter og potensielle arbeidsgivere om hva utdanningene kan brukes til?
- med prosjekter gjennom Erasmus+ for kvalitetsutvikling i utdanning?
- for å sikre tilstedeværelse av internasjonale studenter fra utenfor EU/EØS/Sveits gjennom utvekslingsavtaler?

Fakultetenes studiekvalitetsmeldinger utgjør rapporteringen for kalenderåret 2023. I dialogmøtene kan fakultetene også løfte frem egne strategiske satsninger og aktuelle utdanningssaker som innspill til prioriteringene på utdanningsfeltet i 2024-2025.

Vi minner om at det vil komme eget brev for innmelding av porteføljeendringer i juni, men at disse gjerne også må omtales i fakultetenes studiekvalitetsmeldinger.


Ved spørsmål, ta kontakt med Ida Fauskanger.

Vennlig hilsen

Pinar Heggernes  
prorektor

Christen Soleim  
avdelingsdirektør

# Studiekvalitetsmelding 2023



## Det humanistiske fakultet



Studiekvalitetsmeldinga er utarbeidd på bakgrunn av meldingar frå alle institutt og senter, samt dialogmøte med einingane i april 2024.

### **Oppfølging av studiekvalitetsmeldinga frå 2022**

#### *Redesign og reakkreditering av bachelorprogrammet i arabisk*

Bachelorprogrammet i arabisk mista akkrediteringa 2022 etter tilråding frå HF sin studiekvalitetskomité. Institutt for framandspråk og programstyret for arabisk har i 2023 arbeidd vidare med den allereie påbegynte redesignen av programmet, med særleg fokus på å utbetra tilhøva som førte til bortfall av akkreditering, men òg med ei totalomlegging av strukturen. Studiekvalitetskomiteen skal vurdere det redesigna arabisk-programmet for reakkreditering våren 2024.

#### *Status FPØ*

Arbeidsgruppa for utvikling av FPØ-programmet (Filosofi, politikk og økonomi) leverte i 2023 forslag til ulike modellar for dette programmet som er eit samarbeid mellom HF og SV. Det har òg vore dialog om rammer for programsamarbeidet i leiinga på dei to involverte fakulteta. Arbeidsgruppa er leia av Institutt for filosofi og førstesemesterstudium og har representantar frå dei to andre involverte fagmiljøa i tillegg til ein administrativ ressurs frå HF. Fakultetet ser at interessa for denne typen program stadig er stigande, og at det vert oppretta liknande program ved andre lærestader. Interessa gjev eit godt grunnlag å byggje på i arbeidet med HF sitt program, som skal vere eit FPØ-program med solid tverrfagleg oppbygning og reelle tverrfaglege bindingar og synergjar. HF satsar på å ferdigstille ein søknad om å få oppretta eit FPØ-program for oppstart i 2026.

#### *Positiv utvikling Studiebarometeret*

Resultata i Studiebarometeret for 2023 var vesentleg betre enn for 2022. Tala viser ei svært positiv utvikling både når det gjeld trivsel, undervisning og rettleiing og heilskapleg tilfredsheit med programma. Samstundes er det ei utfordring at HF har mange program med så lågt studenttal at dei ikkje vert tekne med i undersøkinga. Det er òg ei utfordring at mange av HF sine program har for låg svarprosent til at dei vert inkluderte i Studiebarometeret.

#### *FRAM-pilotar*

I 2023 har tiltak på studiesida knytt til FRAM-prosjektet blitt implementerte på pilotinstitutta. Ved AHKR er det innført blokkundervisning. Innføringa har blitt instituttesternt evaluert, og opplegget blir justert fortløpande i tråd med evalueringane og erfaringar som er gjort i undervisninga. LLE hadde hausten 2023 sitt første semester utan ordinær midtsemestereksamen, men det er for tidleg å seie korleis effekten har vore. Nye føringar for kontinuasjonseksamen i UiB si studieforskrift, gjer òg at ordninga kan bli vanskeleg å oppretthalde slik ho var tenkt.

#### *Redesign lektor*

I 2023 har institutta arbeidd intensivt med å plassere og tilpasse emne i den vedtekte modellen for lektorprogramma. Arbeidet har vore krevjande, men svært godt koordinert av Lektorsenteret. Institutta har utarbeidd nye didaktikkemne og lektortilpassa disiplinemne, og i nokre tilfelle har det vorte utarbeidd tverrfaglege fellesemne både i didaktikk og disiplindefag. Fakultetet har arbeidd med å få oversikt over ressursmessige konsekvensar i overgangsfasen mellom gamal og ny modell, og vil i samråd med Lektorsenteret leggje ein plan for korleis ein i 2026 skal handtere eit semester med dobbel langpraksis.

## Hovudpunkt frå dialogmøta med institutt og senter

Fakultetsleiinga har hatt dialogmøte med alle einingar. Møta omfatta dialog om forskning, forskarutdanning, utdanning og administrasjon, og har som vanleg vore ein god arena for oppsummering og statusrapportering om den sentrale verksemda. På utdanningsida har eit viktig tema vore rekrutteringssituasjonen og den låge gjennomføringa i mange av studieprogramma, korleis institutta opplever den og kva ein ser på som moglege løysingar. Einingane er òg opptekne av EVU og korleis dei nye rammene vil påverke utvikling og drift av EVU-tilbodet.

Dialogmøta var òg gode høve til å ta opp bruken av mellombels tilsette i undervisninga, som etter ei kartlegging på fakultetet har vist seg å vere svært ulik frå institutt til institutt, og særleg merkbar på einskilde studieprogram. Medvit om dette er sentralt for å oppretthalde god studiekvalitet og forskningsbasert undervisning.

Studieporteføljeprojektet var eit sentralt tema på dialogmøta. Særleg breidde i BA-utdanninga og planar for tverrfaglege fellesemne vart diskutert.

## Gjennomførte og planlagde emne- og programevalueringar

Ni studieprogram har i 2023 levert 5-årige programevalueringar.

Elles er det stor evalueringsaktivitet på fakultetet, og det er ein ustrakt praksis at emna blir evaluerte kvar gong dei går, anten i form av spørjeundersøkingar eller på andre måtar som til dømes fokusgruppeintervju og studenttillitsvalde (SKOK).

Alle program skal ha aktiv ekstern fagfelle.

## Strategiske planar for den faglege porteføljen ved fakultetet

For å nå måla for utdanning i [HF sin strategi](#), er det eit sentralt mål at studieporteføljen ved fakultetet blir meir arbeidsrelevant og retta mot nye behov i samfunnet, rekrutterer betre og fører til betre gjennomføring. HF sitt [studieporteføljeprojekt](#) er no inne i ein avsluttande fase med å lage ein ny portefølje-struktur. Prosjektgruppa har særleg fokusert på moglegheitene for å oppretta tverrfaglege fellesemne som del av spesialiseringane i studieprogramma og å utvikla tilrådde emnepakkar som del av dei frie studiepoenga. Opplegget for første semester er òg diskutert, særleg i lys av at kravet om ex.fac. no er ute av UiB si studieforskrift. Det er eit overordna mål for prosjektet at porteføljen skal bevare breidda, men ha tydeligare profil, vere meir tverrfagleg og nytte fakultetet sine ressursar betre.

HF vil òg vidareutvikle fakultetet si rolle som leiande lektorutdanningsfakultet. I tillegg vil HF vidareutvikla porteføljen av etter- og vidareutdanningstilbod i lys av nye tilskotsordningar nasjonalt.

## Endringar og prioriteringar innan utdanning og læringsmiljø

Den største studierelaterte utfordringa HF står overfor i 2023, er sviktande rekruttering og gjennomføring, som no òg gjeld dei store faga som tradisjonelt har rekruttert og godt. Det minkande talet på programstudentar er ikkje alltid synleg i undervisningssamanheng, sidan enkeltemnestudentar eller studentar som ikkje tar eksamen fyller lokala. Dekanatet har difor arbeid mykje med å etablere eit felles medvit om alvoret i denne situasjonen for å få alle fagmiljø med på den pågåande rekrutteringsdugnaden ved fakultetet – også dei som tradisjonelt har rekruttert godt. Gjennomføring og rekruttering har gjensidig påverknad på kvarandre, og til grunn for begge ligg gode og treffande studieprogram. Studieprogramporteføljeprojektet har slik ei sentral rolle òg i møte med denne utfordringa.

Fakultetet har årvisst sett av midlar til undervisningsassistentar som bidrar til styrke kvalitet og gjennomføring i undervisning og program. Vi har òg hatt særleg fokus på bruk av mentorar i oppbygging og drift av fagutval ved einingane for å skape gode fagleg-sosiale fellesskap og tett kopling mellom studentar og fagmiljø.

Det fysiske læringsmiljøet er viktig for trivsel og gjennomføring, og det er i 2023 lagt planar for omfattande utbetringstiltak på Sydneshaugen skole, i påvente av nytt HF-kvartal. Dette arbeidet går føre seg i nært samarbeid med Humanistisk studentutval.

### **Korleis jobbar fakultetet for tettare kopling mellom forskning og utdanning, særleg på bachelornivå?**

Stadig fleire program ved HF har emne med varierende tematisk innhald, der ein kan tilby undervisning om dagsaktuelle tema og ny forskning, og planlegge innhaldet med relativt kort tidshorisont. Det gir òg høve til at stipendiatar kan undervise i tema knytt til ph.d.-prosjektet, noko som med tett oppfølging og mentorering kan skape synergjar mellom prosjektet og undervisninga. Samstundes er det ikkje fullgode tekniske rammer for slike emne, og dei ulike institutta finn langt på veg sine eigne løysingar for FS-registrering og studentinformasjon. Vi ser òg at institutta har ulike terminologi for slike emne (temaemne, skalemne, ferskvareemne, con amore-emne). Fakultetet ser verdien i ordninga, men det er ei studiekvalitetsutfordring at det ikkje finst eit etablert system for den.

Fleire emne ved HF spring direkte ut av aktiviteten i forskargrupper. Mange fag rapporterer om at masterstudentar deltek i arbeidet i forskargruppene, men dette førekjem òg på 200-nivå i nokre tilfelle. Til den nye lektormodellen er det òg utvikla eit tverrfagleg emne knytt til ei tverrfagleg forskargruppe.

Det er eit mål at gjesteforskarar og andre skal kunne tilby undervisning på sine felt. Dette blir gjort til dømes av Fullbright-forskarar ved IF.

Fakultetet sitt grunnleggjande prinsipp om at all undervisning skal vere forskingsbasert, føreset at undervisarar på emna har forskingskompetanse. Dette er det brei forståing for ved einingane. Men med frikjøp av tilsette i faste stillingar til større forskingsprosjekt og innleige av vikarar til undervisninga, blir dette prinsippet utfordra. Fakultetet har gjort innskjerpingar i frikjøpsreglementet for å motverke dette, og har òg gjort ei kartlegging av bruk av mellombels tilsette i undervisninga, noko som har vist seg å gi eit svært nyttig bilete av situasjonen og eit godt utgangspunkt for målretta oppfølging.

### **Korleis jobbar fakultetet med å styrke utdanningskvaliteten, studentaktiv læring, alternative vurderingsformer og auka gjennomføring?**

I 2023 har fleire program arbeidd med redesign eller omleggingar der meir studentaktivitet og betre gjennomføring er sentrale mål. Religionsvitskap, arabisk, filosofi og digital kultur er nokre døme. Samstundes er alle institutta involverte i arbeidet med fakultetets studieporteføljeprojekt, som i 2023 har vore inne i ein fase med stor aktivitet. Studieporteføljeprojektet har som hovudmål å etablere studieprogram med tydeleg profil og studieløp som legg til rette for styrka kvalitet, gjennomføring og arbeidsrelevans

Vitskapleg tilsette, administrasjonen og ikkje minst studentane har følgd aktivt med på den svært raske utviklinga innanfor kunstig intelligens i 2023. Felles retningslinjer og rettleiing for bruk og

kontroll, særleg knytt til vurdering, er etterspurd. Det har vore talrike seminar og samlingar om KI i 2023, blant anna eit svært nyttig arbeidsseminar i regi av LLE og IF, der det i etterkant blei levert ein rapport til fakultetet som tok føre seg sentrale aspekt ved kunstig intelligens. Rapporten er tenkt å danne grunnlag for ein felles rettleiar for fakultetet. HF ser ikkje at prinsippa for bruk, og ordningar for kontroll, bør vere ulike frå fakultet til fakultet, og vil òg støtte seg på dokument utarbeidde av andre fakultet om temaet. Samstundes er det naturleg at tilnærmingane til kunstig intelligens endrar seg i takt med den raske utviklinga på KI-feltet, og hyppige seminar og gode arenaer for å diskutere temaet er vel så viktige som skriftlege dokument. Vi ser stor interesse for KI ved fakultetet, og gode initiativ til korleis ein kan tilpasse oppgåver og skriftlege innleveringar for å motverke juks ved bruk av ? KI, eller ved å leggje opp til refleksjonar rundt KI i sjølve oppgåva. Det er òg stor interesse for å utforske korleis KI kan bli brukt som eit godt fagleg verktøy, til dømes som nivåtilpassa samtalepartnar for framandspråkstudentar. Grunnleggjande viktig er det at tilsette og studentar får god kjennskap til og kunnskap om KI, kombinert med ei gjennomtenkt tilnærming og sunne haldningar til kunstig intelligens i eit akademisk perspektiv.

AHKR har arbeidd med dimensjonering av alle emna for å sikre at arbeidsomfang svarar til studiepoeng-utteljning. Dette er eit omfattande men svært viktig arbeid som òg kan setjast i samanheng med studieporteføljeprojektet.

Spurveugleprisen, HF sin pris for utdanningskvalitet, gjekk i 2023 til EVU-studiet PRISME for lærarar som underviser i norsk som andrespråk. Fagmiljøet ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium har gjort ei totalomlegging av studiet, som er blitt meir fleksibelt og betre tilrettelagd for studentar i jobb.

Benedicte Mosby Irgens, dosent i japansk, fekk i 2023 status som framifrå undervisar (FUND) ved HF. Irgens vart tildelt FUND-status for å ha utvikla og stadig vidareutvikla japanskstudiet med studentaktive læringsformer i fokus. Med Irgens er HF si gruppe av framifrå undervisarar ytterlegare styrkt, og utgjer ein viktig ressurs i arbeidet med studiekvalitet ved fakultetet.

### **Korleis jobbar fakultetet for betre kontakt mellom studentar og arbeidsliv, samt større medvit hos studentar og potensielle arbeidsgivarar om korleis utdanningane kan nyttast?**

HF sin rekrutteringskampanje «HF opnar dører» gjekk på lufta i 2023, og blei godt tatt imot. Kampanjen vektlegg korleis HF-utdanningar er viktige døroppnarar i arbeidslivet, og held fram i 2024, mellom anna med ein film om humanistisk kunnskap sin sentrale plass i forståinga av verdas utfordringar. Målet med kampanjen er å gjere studentane tydelegare medvitne på humaniora sin viktige allmennverdi i arbeidslivet og i samfunnet, og slik skape ei positiv forventning til det å gå ut i arbeidslivet som humanist, sjølv utan ein konkret yrkestittel på vitnemålet.

Samstundes har fagmiljøa med støtte frå studieseksjonen og KA revidert alle rekrutteringstekster før overgang til ny web-løysing, noko som har lagt til rette for ei oppdatering og konkretisering av alle avsnitta om yrkesrelevans. På denne måten har HF i 2023 arbeidd med synleggjering av både den allmenne og den spesifikke arbeidsrelevansen ved humanistiske fag.

Det har elles vore kontakt og samarbeid med arbeidslivet på fleire plan og på fleire måtar i 2023: AHKR har vore i dialog med fylkeskommunen, museumssekstoren og byantikvaren om yrkesrelevans, og har planar om å utvikle arbeidsrelevante emne basert på innspela. IF har invitert representantar frå NAV, IMDI og Forvaret på seminar om arabiskprogrammet, og ved LLE har det nye emnet LEX200 Ordkunnskap og norsk ordboksarbeid hatt ordboksredaktørar med både i utviklinga og undervisninga. Både FOF og SKOK inviterer studentane til arbeidsrelevansarrangement med alumni

og panel frå arbeidslivet. Studieporteføljeprojektet har òg jamleg kontakt med si eksterne referansegruppe med deltakarar frå relevante aktørar og bransjar.

Praksis i utdanninga gir òg studentane verdifull erfaring i møte med arbeidslivet, og HF har òg i 2023 hatt tilbod om minst fem emne som gir konkret yrkespraksis.

PRAKTINF (11), AHKR201 (22), TEAT113 (13), TEAT253 (3), ARK307 (14). 63 studentar har vore i praksis i 2023, mot 47 i 2022.

#### **Korleis jobbar fakultetet med prosjekt gjennom Erasmus+ for kvalitetsutvikling i utdanning?**

Fagmiljøet i italiensk har oppretta ein BIP (Blended Intensive Programme) med Universiteta i Torino og Humboldt, kalla «Intercultural translation and communication in the European context». Det er òg ein del undervisningsmobilitet på IF, som sikrar utveksling av forskingsbasert undervisning.

#### **Korleis jobbar fakultetet for at internasjonale studentar frå utanfor EU/EØS/Sveits kan komme hit gjennom utvekslingsavtalar?**

HF/institutta ved HF har aktive avtalar med Canada, Jordan, Tunisia, Japan og Kina. IF har òg NORDPART-samarbeid med Université de Yaoundé i Kamerun. Utvekslingsavtalar med Russland er på grunn av krigføringa lagde på is, men ein jobbar med å opprette avtalar i andre russisktalande land.